



STUDIEFORBUNDET  
KULTUR og TRADISJON

Studieforbundet kultur og tradisjon

Vågåvegen 35

2680 Vågå

tlf 61 21 77 50

[post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)

[www.kulturogtradisjon.no](http://www.kulturogtradisjon.no)

Til medlemsorganisasjonane og organisasjonar med samarbeidsavtale

## Innkalling til årsmøtet i Studieforbundet kultur og tradisjon 25 mai 2016

Møtestad; Felix konferansesenter, Aker Brygge Bryggetorget 3 Oslo

Tidsramme; Kl 10.00- 15.00

### Sakliste:

1. Opning og konstituering
2. Årsmelding 2015
3. Rekneskap 2015
4. Budsjett 2017
5. Søknad om medlemskap frå Folkeakademienes Landsforbund
6. Val

Ut over ordinære årsmøtesaker har styret invitert to eksterne gjester;

**Stortingsrepresentant Anders Tyvand Kristeleg Folkeparti** til å innleie om temaet;

"Studieforbunda som reiskap for frivillige organisasjonar for opplæring innanfor eige fag- og interesseområde og eit fritt tilskot – eller studieforbunda som reiskap for å nå Stortingets ønskje om nye grupper og målet om fleire tilbod retta mot inkludering og integrering. Er det mogleg og kva forsvinn på vegen?"

**Fagsjef i Den Norske Turistforening Kahtrine Gamnæs** som skal holde innleiing om verktøy for samfunnspåverknad.

Styret vil også dele ut pris for vekst i deltagarkartal knytt til VOFO sin kampanje 1 million på rett kurs.

Organisasjonar med samarbeidsavtale og fylkesledd kan møte som observatørar med talerett.  
Medlemsorganisasjonane kan røyste slik;

- |        |   |                              |
|--------|---|------------------------------|
| 0      | - | 5.000 kurstimar - 1 røyst    |
| 5.001  | - | 15.000 kurstimar - 2 røyster |
| 15.001 | - | 30.000 kurstimar - 4 røyster |
| 30.001 | - | 45.000 kurstimar - 6 røyster |
| 45.001 | - | kurstimar - 9 røyster        |

Påmeldingsfrist 16 mai 2016 [post@kulturogtradisjon.no](mailto:post@kulturogtradisjon.no)

Vågå 27.04.2016

Med beste helsing

Studieforbundet kultur og tradisjon

Eli Ulvestad /s/  
Styrelseleiar

Kjærsti Gangsø  
Dagleg leiar

Medlemsorganisasjon	Kurstimar 2015	Røyst
DIS Norge, Slekt og Data	817	1
Forbundet KYSTEN	3.430	1
Frilynt Norge	22.139	4
Hålogaland Amatørteaterselskap	3.398	1
Kringkastingsringen	0	1
Landslaget for lokalhistorie	462	1
Noregs Mållag	0	1
Noregs Ungdomslag	14.998	4
Norges Husflidslag	63.094	9
Norsk Amatørteaterforbund	12.229	4
Norsk Målungdom	15	1
Norsk Quilteforbund	823	1
Seniordans Norge	24.616	4
Norsk Kulturarv	1.155	1
Vestlandske Teatersenter	1.415	1

## Læring, fellesskap og demokrati

### Program/tidsplan:

- 10:00 Opning og konstituering  
Kort presentasjonsrunde, kvar organisasjon presenterer nyhende frå eigen organisasjon
- 10:45 Årsmelding 2015
- 11.00 Rekneskap 2015
- 11.15 Budsjett 2017
- 11:30 Lunsj
- 12:30 Innleiing og debatt.  
Stortingsrepresentant Anders Tyvand Kfr;  
"Studiebunda som reiskap for frivillige organisasjoner for opplæring innanfor eige fag- og  
interesseområde og eit fritt tilskot – eller studiebunda som reiskap for å nå Stortingets ønskje  
om nye grupper og målet om fleire tilbod retta mot inkludering og integrering. Er det mogleg og  
kva forsvinn på vegen?"
- 13.30 Søknad om medlemskap frå Folkeakademienes Landsforbund
- 13.45 Presentasjon av ny rekryteringskampanje eventuelt andre innslag
- 14:00 Verktøy for politisk påverknad v/ Katrine Gramnæs, Den Norske Turistforening (DNT)
- 14.45 Val
- 15.00 Avslutning

## **Sak 1 Opning og konstituering**

### **a) godkjenning av innkalling og sakliste**

Framlegg til vedtak

Innkalling og sakliste blir godkjent

### **b) val av møteleiar, referent, tellekorps og to til å signere protokoll**

Framlegg til vedtak

Møteleiar	Eli Ulvestad
Referent	Bjørg Schultz
Tellekorps	Kontoret
To til å signere protokoll	blir vald av møtedeltakarane. Styret har framlegg ved møtestart.

## **Sak 2 Årsmelding 2015**

Framlegg til Årsmelding ligg vedlagt. Saka blir presentert av styreleiar Eli Ulvestad

Framlegg til vedtak

Styret sitt framlegg til Årsmelding 2015 blir godkjent.

## **Sak 3 Rekneskap 2015**

Rekneskap og revisjonsrapport ligg vedlagt. Saka blir presentert av styremedlem Frode Aleksander Rismyhr.

Framlegg til vedtak

Rekneskap 2015 med eit overskot på kr 682.878,- blir godkjent. Overskotet blir lagt til eigenkapitalen.

## **Sak 4 Budsjett 2017**

Framlegg til budsjett 2017 ligg vedlagt. Saka blir presentert av styremedlem Per Haarr.

Framlegget er eit rammebudsjett . Budsjettet er bygd på erfaringstall, same tal tilsette, forventa auke i statstilskot og kursaktivitet , prosjekttilskot og same tilskotssatsar som i 2016. Etter at statsbudsjett 2017 er lagt fram vil styret revidere budsjettet.

Det er tatt høgde for valnemnda sitt framlegg om auke i honorar til styret.

### **Honorar til tillitsvalde:**

Årsmøtet 2008 vedtok satsar for honorar til tillitsvalde:

Kr 1200,- per møte  
I tillegg kr 10.000,- til leiar.

Styret har bedt valnemnda vurdere justering av satsane.

Valnemnda finn det rimeleg å auke satsane som har fått roleg i åtte år. Valnemnda har samanlikna med andre studieforbund. Valnemnda gjer framlegg om å auke til 1500,- per møte og 12.000,- til leiar.

#### Framlegg til vedtak

1. Styret sitt framlegg til budsjett 2017 med eit overskot på kr 5.500,- blir vedtatt.
2. Valnemnda sitt framlegg til nye honorarsatsar for styret, kr 1500,- per møte og i tillegg kr 12.000 til leiar blir vedtatt.
3. Kompetansehevingstilskot på samla kr 1.220.000,- til medlemsorganisasjonane blir vedtatt.

## Sak 5 Medlemsskap

Nestleiar Solveig Torgersen Grinder legg fram saka. Det ligg føre ein søknad om medlemsskap frå Folkeakademienes Landsforbund. Organisasjonen er tilstades på møtet og vi sjølv presentere seg.  
Deira visjon er;

*"Å øke den enkeltes livskvalitet gjennom deltagelse i meningsfylte kulturaktiviteter, medvirke til at kultur blir brukt aktivt i arbeidet med å styrke folkehelsen og å formidle kunnskap og holdninger innen likestilling, toleranse og internasjonal forståelse. "*

Folkeakademienes Landsforbund er i dag medlem i Studieforbundet næring og samfunn, og hadde i fjor 2.693 kurstimer.

#### Framlegg til vedtak:

Folkeakademienes Landsforbund blir medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon frå 01.01.2017.

## Sak 6 Val

Valnemnda har i 2015/2016 vore;  
Petra Mari Linaker, Norges Husflidslag  
Rita S Strandbakke, Norges Ungdomslag  
Elin R Støa, Norsk Amatørteaterforbund

#### Desse tillitsvalde er ikkje på val:

Styremedlem	Per Haarr	Seniordans Norge	På val i 2017
Styremedlem	Anne K Langmoen	Norges Husflidslag	På val i 2017
Styremedlem	Endre Kleiveland	Noregs Ungdomslag	På val i 2017

Framlegg frå valnemnda :

Leiar	Eli Ulvestad	Noregs Ungdomslag	Attval til 2018
Nestleiar	Solveig Torgersen Grinder	Norges Husflidslag	Attval til 2018
Styremedlem	Frode Aleksander Rismyhr	Frilynt Norge	Attval til 2018
Styremedlem	Steffen Berg	Norsk Amatørteaterforbund	Ny til 2018
1 vara	Anne Schiøtz	DIS-Norge	Ny til 2017
2 vara	Tore Friis-Olsen	Forbundet KYSTEN	Attval til 2017

Styret gjer framlegg om ny organisasjon til valnemnda jf vedtekten:

**§6. VALKOMITEEN**

Valkomiteen består av tre medlemsorganisasjonar der ein organisasjon er på val kvart år.

Medlemsorganisasjonane vel sjølv kven dei vil vera representert med i valkomiteen.

Styret kan utarbeide arbeidsskildring for valkomiteen.

Norges Husflidslag	ikkje på val/vald til 2017
Norsk Amatørteaterforbund	ikkje på val/vald til 2018
Frilynt Norge	ny 2019

Revisor:

Styret gjer framlegg om attval av revisor Bård Axel Nilson, Nilson Revisjonskontor

# ÅRSMELDING 2015

*læring-fellesskap-demokrati*

## **LOV OM VOKSENOPPLÆRING (VOKSENOPPLÆRINGSLOVEN)**

### **§ 4. Overordnede mål for studieforbundenes opplæringsaktivitet**

Studieforbundene skal drive sin opplæringsaktivitet på grunnlag av følgende overordnede mål:

- a) Å bidra til å vedlikeholde og styrke demokratiet og legge grunnlag for bærekraftig utvikling ved å engasjere og utvikle aktive medborgere.
- b) Å gjøre det mulig for mennesker å påvirke egen livssituasjon.
- c) Å bekjempe utstøting og bidra til inkludering.
- d) Å bidra til motivasjon og tilgang til kunnskap og kompetanse for alle og slik møte behov i et samfunn og arbeidsliv i stadig endring.
- e) Å styrke kulturelt mangfold og øke deltagelse i kulturlivet.
- f) Å være en selvstendig arena for læring og et supplement til offentlige utdanningstilbud for voksne.

# INNHOLD

<i>Innleiring</i>	
Eit år for nye moglegheiter	4
<i>Kap. 1</i>	
Organisasjon	6
<i>Kap. 2</i>	
Kvalitet	8
<i>Kap. 3</i>	
Læring	10
<i>Kap. 4</i>	
Formidling/ politikk	19
<i>Kap. 5</i>	
Fylkesledd i Studieforbundet kultur og tradisjon	22
Styrets beretning	29
Rekneskap	30
Revisors beretning	34

## ÅRSMELDING 2015

UTGITT AV:  
Studieforbundet kultur og tradisjon

TEKST:  
Studieforbundet kultur og tradisjon

FOTO:  
Studieforbundet kultur og tradisjon og medlemsorganisasjoner

DESIGN:  
Løwehjerte

TRYKK:  
Grøset™ - produksjonen er klimanøytral, CO<sub>2</sub>-utsippet er kompensert



*Innleiding*

# EIT ÅR FOR NYE MOGLEGHEITER

2015 var eit godt år i Studieforbundet kultur og tradisjon. Statistikken viser at vi har hatt ei auke i tal på kurstimar, og vi ser at deltakartala også går opp. Vi har over lang tid vore eit stort og stabilt studieforbund som arbeider for «fleire og betre kurs». Vi ønskjer å nå nye høgder og strekkjer oss mot dei utfordringane som kjem vår veg.

I 2015 kom det mange nye personar til Europa og Noreg, personar på flukt frå sitt eige heimland og på leiting etter ein trygg stad å vere. Statsministeren peikte i nyttårstala si på at vi alle har eit ansvar for kvardagsintegrering. Studieforbundet tok hausten 2015 sjølv initiativ til fleire kurs på akuttmottak og hjelpte medlemsorganisasjonane i å gjere det same. Det har vore viktig for oss at vi alle tek ansvaret og gjer det vi kan. Studieforbundet vil halde fram med dette i 2016, og har fokus på visjonen vår «*Det skal vere mogleg for alle som bur i Noreg å bli kjende med og lære kulturredning og folkelege tradisjonar i skapande og trygge fellesskap.*»

Politikarane la i haust fram eit forslag om å øyremerkje delar av støtta til studieforbunda. Med dette forslaget ønskte dei i større grad å sikre inkludering og hindre utanforskaps. Studieforbundet kultur og tradisjon ønskjer ikkje at delar av tilskotet på denne måten skal øyremerkast

til spesielle formål. Vi meiner dette motarbeider føremåla til Studieforbundet.

15 % av støtta til studieforbunda er allereie øyremerk til tilretteleggingstilskot som skal nyttast til kompetanseheving for svake grupper. I tillegg er det kome ei eiga søkbar ordning, BKF (Basiskompetanse i frivilligheten), hausten 2015. Her er det ytterlegare øyremerkte midlar til tiltak for same gruppe. Vi meiner det svekker tilskotsordninga til studieforbunda å øyremerke større delar av potten. Tilskotet studieforbunda nyttar til kurs og opplæring over heile landet er ubyråkratisk og styrt av behov i frivillig sektor. Å øyremerkje enda meir av midlane, slik Regjeringa foreslo, vil svekke evna frivillig sektor har til å vere ein kompetansesentral, og vil innføre eit nytt komplisert byråkrati. Vi ønskjer at studieforbunda kan halde fram med å vere ubyråkratisk og tilgjengeleg for alle. Vi meiner at tiltaka som blir sett i gang for å nå nye målgrupper styrkar ordninga utan at øyremerkning er nødvendig.

2015 var på fleire måtar eit rekordår i Studieforbundet kultur og tradisjon. Vi ønskten velkommen seks nye medlemsorganisasjonar, og hadde samtidig ny rekord i tal på timar, deltakarar og kurs. Denne veksten er imponerande og flott å sjå. Det er ei styrke for oss at fleire organisasjonar



Eli Ulvestad, Styreleiar

**40**  
MEDLEMSORGANISASJONAR  
**5 067**  
KURS  
**40 423**  
KURSDELTAKARAR  
**152 119**  
KURSTIMAR

ønskjer å være med i vårt studieforbund, og ikkje minst at dei medlemsorganisasjonane vi allereie har, ønskjer å ha fleire og betre kurs. I løpet av året 2015 vart vi 40 medlemsorganisasjonar og passerte over 5.000 kurs med over 40.000 kursdeltakarar fordelt på over 150.000 kurstimar. Desse tala er imponerande og noko vi alle skal vere stolte av og ta med oss inn i eit nytt år.

Styret vil rette ein stor takk til alle dei eldsjelene rundt om i landet som brukar av si tid for å gje noko til andre. Takk for at de står på som kursarrangørar, kurslærarar og driv lokallaga framover. Vi vil takke for eit flott år og håpar at vi saman kan halde kurset framover mot nye rekordar i fleire og betre kurs for alle som bur i Noreg.



STUDIEFOR-BUNDET TOK HAUSTEN 2015 SJØLV INITIATIV TIL FLEIRE KURS PÅ AKUTTMOT-TAK OG HJELPTE MEDLEMSORGANISASJONANE I Å GJERE DET SAME. DET HAR VORE VIKTIG FOR OSS AT VI ALLE TEK ANSVARET OG GJER DET VI KAN.

Kap. 1

# ORGANISASJON

Vi har 40 medlemsorganisasjoner. 15 av desse har fulle rettigheter og pliktar i organisasjonen, og 25 organisasjoner har samarbeidsavtale som gjev dei rett til å søkje kurstilskot.

## MEDLEMS- ORGANISASJONAR

- › DIS - Norge, Slekt og Data
- › Forbundet KYSTEN
- › Frilynt Norge
- › Hålogaland Amatørteaterselskap
- › Kringkastingsringen
- › Landslaget for lokalhistorie
- › Noregs Mållag
- › Noregs Ungdomslag
- › Norges Husflidslag
- › Norsk Amatørteaterforbund
- › Norsk Kulturarv
- › Norsk Målungsdom
- › Norsk Quilteforbund
- › Seniordans Norge
- › Vestlandske Teatersenter

## ORGANISASJONAR MED SAMARBEIDSAVTALE

- › Borre Vikinglag
- › Båtlaget Braute
- › Fagurmakerne Norge
- › Fantasiforbundet
- › Fortidsminneforeningen
- › Internasjonalistene
- › Knipleforeningen i Norge
- › Landsforbundet av Motorhistoriske Kjøretøyklubber

- › Lofoten Vikinglag
- › LUFS - Landslaget for nærmiljøskolen
- › Møre frie vikingar
- › Norges Linforening
- › Norges museumsforbund
- › Norsk Folkedraktforum
- › Norsk Forening for Fartøyvern
- › Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting

- › Norsk Selskap For Fotografi
- › Norske Kveners Forbund/ Ruijan Kveeniliitto
- › Organisasjon for Scenekjempere i Norge
- › Oslo amatørbryggerlaug
- › Ravn Formidling
- › Rosegården Teaterhus
- › Samenes Folkeforbund
- › Trondheim Vikinglag
- › Vestnorsk kulturakademi

## STYRET

STYRET 01.01.2015 – 27.05.2015

Eli Ulvestad (Noregs Ungdomslag)	leiar
Solveig T. Grinder (Norges Husflidslag)	nestleiar
Kjell Helge Moe (DIS - Norge, Slekt og Data)	styremedlem
Frode A. Rismyhr (Frilynt Norge)	styremedlem
Anne K. Langmoen (Norges Husflidslag)	styremedlem
Endre Kleiveland (Noregs Ungdomslag)	styremedlem
Randi A. Grønbakk (Seniordans Norge)	styremedlem
Tore Friis-Olsen (Forbundet KYSTEN)	1.varamedlem
Helen Hansen (Norsk Amatørteaterforbund)	2.varamedlem

STYRET 27.05.2015 – 31.12.2015

Eli Ulvestad (Noregs Ungdomslag)	leiar
Solveig T. Grinder (Norges Husflidslag)	nestleiar
Kjell Helge Moe (DIS - Norge, Slekt og Data)	styremedlem
Frode A. Rismyhr (Frilynt Norge)	styremedlem
Anne K. Langmoen (Norges Husflidslag)	styremedlem
Endre Kleiveland (Noregs Ungdomslag)	styremedlem
Per Haarr (Seniordans Norge)	styremedlem
Tore Friis-Olsen (Forbundet KYSTEN)	1.varamedlem
Helen Hansen (Norsk Amatørteaterforbund)	2.varamedlem

## TILSETTE

Administrasjonen har åtte tilsette på seks årsverk;

- › Kjærsti Gangsø, dagleg leiar
- › Tone Heskestad
- › Dag Lindvig
- › Sina Bråten Lunde
- › Torunn Elise Kveen
- › Bjørg Schultz
- › Linda Aaboen
- › Mette Vårdal

Liv Skogstad har vore utplassert på arbeidspraksis gjennom heile året. Marte Løkken har vore engasjert på timebasis for å jobbe med kurssøknadar og rapportar. Dag Lindvig er kjøpt fri for å arbeide i Voksenopplæringsforbundet(VOFO) Oppland i 30 % stilling.

## FYLKESLEDD

Lov om voksenopplæring sett krav til at Studieforbundet skal ha ei regional organisering. Lova seier ikkje i kva form eller kva for oppgåver den regionale organiseringa skal ha. Studieforbundet kultur og tradisjon har valt å ha fylkesledd og fylkeskontaktar i quart fylke. I fleire av fylka er det ikkje støtte til dei regionale avdelingane i studieforbunda. Pr. i dag er det ikkje fylkestilskot i åtte fylke, og to fylke har signalisert at dei vil avskaffe si tilskotsordning. I desse fylka er det lite grunnlag for samarbeid mellom studieforbunda, eller

utviklingsarbeid saman med fylkeskommunen innan kurs og opplæring på det vaksenpedagogiske fagfeltet. Dette gjer arbeidet med fylkesledd og aktivitetar i fylka krevjande for Studieforbundet. Fylkesledda lyt derfor sjølv definere sine eigne oppgåver etter tilgjengelege økonomiske ressursar, motivasjon og moglegheit til deltaking som blir gjeve gjennom eigen regional medlemsorganisasjon. Studieforbundet sine tilsette

deltok på regionale samlingar, der regionorganisasjonen har eit ønskje om deltaking. I 2015 deltok vi på 4 slike arrangement. Studieforbundet arrangerer årleg ei fylkessamling for fylkesledda. Desse samlingane er laga som fag- og motivasjonsarrangement for å oppretthalde fylkesorganisasjonane og arbeidet i fylka. I 2015 var dette arrangementet halde 2.-3. oktober i Oslo. Her deltok 19 representantar frå 12 fylke.

FYLKE	STYREMEDLEMMAR - FYLKESLEDD	ORGANISASJON	FYLKESTILSKOT 2014	FYLKESTILSKOT 2015	REPRESENTERTE I VOFO-FYLKE
Østfold	Bjørg Lundeby	Norges Husflidslag	44 524	38 291	Bjørg Lundeby
Akershus	Kari Mette Vollar	Norges Husflidslag	75 000	106 715	
Oslo	Jeanette Ajer	Norges Husflidslag	0	0	
Hedmark	Magnhild Tallerås	Norges Husflidslag	72 110	74 921	Magnhild Tallerås
Oppland	Ann Therese E. Skari	Norges Husflidslag	0	0	Brita Rusten Åmot
Buskerud	Rita Vistad	Norges Husflidslag	65 540	76 500	Rita Vistad
Vestfold	Inger Brynhildsen	Norges Husflidslag	0	0	
Telemark	Kari Lie	Noregs Ungdomslag	38 625	33 400	
Aust-Agder	Inger Mogren	Norges Husflidslag	55 000	0	Vofo Agder - Ingvar Kolnes
Vest-Agder	Kari Mysen	Noregs Ungdomslag	0	0	Vofo Agder - Ingvar Kolnes
Rogaland	Anne Holt Larsen	Norges Husflidslag	0	0	Marit Lund
Hordaland	Gunn Hauge	Norges Husflidslag	44 037	68 187	Gunn Hauge
Sogn og Fjordane	Arve Hornes	Noregs Ungdomslag	0	0	Vofo SF under avvikling
Møre og Romsdal	Asbjørn Hjertvik	Seniordans Norge	123 200	71 111	Karin Ormbostad (vara)
Sør-Trøndelag	Ragnhild Dahl	Norges Husflidslag	0	0	Ragnhild Dahl
Nord-Trøndelag	Irene Lindset Høvik	Forbundet Kysten	56 936	55 394	
Nordland	Inger Larsen	Norges Husflidslag	148 472	0	
Troms	Torgunn Andreassen	Norges Husflidslag	39 027	56 644	Elin Andersen
Finnmark	Kari Skadsem	Norges Husflidslag	63 200	76 100	Kari Skadsem

Ein oversikt over aktivitet i alle dei 19 fylka står på side 22-28.

Kap. 2

# KVALITET

## ADMINISTRASJON

### *Utbetalning av kurstilskot*

Studieforbundet har ansvar for handsaming av søknader og utbetaling av tilskot til kurs og opplæring i alle delar av medlemsorganisasjonane. I 2015 var satsane for kursstøtte 90,- kroner for timer med lærar og 25 kroner for timer utan lærar. Studieforbundet gjev ulik kursstøtte til timer med og utan lærar fordi kurstimar med lærar er meir kostnadskrevjande. Opplæring og informasjon til kursarrangørar om kurs og tilskotsreglar er ein viktig del av arbeidet på kontoret.

### *Kompetansehevingstilskot*

Kompetansehevingstilskotet er ei ikkje-byråkratisk fordeling av ressursar slik at medlemsorganisasjonane er i stand til å ta fagansvar innafor eigen organisasjon. Medlemsorganisasjonar med mindre enn ein prosent av det totale volumet kurstimar har svært lav kursaktivitet, og er ikkje med i delinga. Kompetansehevingstilskotet

blir brukt til fagleg og organisatorisk utvikling med fokus på kurs og opplæring i eigen organisasjon. Nokre av organisasjonane styrker eigen fagstab, andre bruker tilskotet til å arrangere kursrekkefølge m.m.

Fordelinga er utrekna etter kurstimar dei to siste kjente åra. Kurstimar frå 2012 og 2013 ligg til grunn for fordelinga i 2015. I 2015 vart det utbetalt 1.185.800 Styret har i sak 40/2015 gjort vedtak om å

stille krav for å motta kompetansehevingstilskotet:

- › Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet på eiga nettside
- › Organisasjonen må ha informasjon om Studieforbundet, eigen kursverksemde, kompetansehevingstilskotet og kva tilskotet er bruk til i eiga årsmelding.
- › Studieforbundet krev ikkje rekneskap for tilskotet.
- › Studieforbundet ber om tilbakemelding på at krava blir akseptert.

### *Fordeling av tilskotet i 2015 var slik:*

	2015	2014	2013
Norges Husflidslag	493 200	500 832	500 125
Noregs Ungdomslag	160 800	165 760	161 000
Forbundet KYSTEN	25 200	26 048	28 750
Hålogaland Amatørteaterselskap	34 200	35 520	40 250
Norsk Amatørteaterforbund	123 600	111 296	86 250
Norsk kulturarv	12 000	13 024	11 500
Vestlandske teatersenter	15 600	14 208	11 500
Seniordans Norge	186 000	176 416	161 000
Frilynt Norge	145 200	140 896	149 500
<b>SUM</b>	<b>1 195 800</b>	<b>1 184 000</b>	<b>1 149 875</b>

## KursAdmin

Arbeidet med å vidareutvikle VOFO sitt felles kursadministrasjonsprogram, KursAdmin, heldt fram i 2015. Studieforbundet kultur og tradisjon er representert med Hallvard Julseth i styringsgruppa og Bjørg Schultz i arbeidsutvalet for vidareutvikling av KursAdmin. Arbeidet med å gjera KursAdmin til eit funksjonelt verkty for å administrera kurs er framleis utfordrande. Målet til Studieforbundet har vore at dei som arrangerer meir enn 10 kurs i året skal bli brukarar i KursAdmin og administrere sine egne kurs. Ved årsskiftet hadde omrent 100 personar tilgang til KursAdmin. Ikkje alle desse brukar systemet. Det vart arrangert to kurs i KursAdmin i 2015, og programmet vart presentert på medarbeider-samlingar og samling for fylkesledd. Kontoret har støttefunksjon for brukarane på telefon og e-post. Vi har ikkje prioritert å halde kurs i KursAdmin dette året, sidan det har vore planar om endringar i systemet, og fordi vi i staden for har prioritert brukarstøtte for kvar einskild brukar. Dei som ikkje ønskjer å bli brukarar i KursAdmin, søker gjennom søknadsløysinga til Studieforbundet som ikkje krev innlogging, og er enklare enn KursAdmin. Nokon søker også på papirskjema.

## Felles avtalar

Gjennom VOFO har Studie-

forbundet avtale med Kopinor som gjev alle kursarrangørar rett til å kopiere beskytta materiale til bruk på kurs. Studieforbundet har også forsikringsavtale som sikrar alle kurslærarar på registrerte kurs om det skulle skje ei ulykke.

## Studieplanar

Studieforbundet heldt fram arbeidet med å lage generelle studieplanar også i 2015. Planane er bygd opp etter ei matrise der kvart emne har studieplanar med ulikt timetal. Læringsmål og innhald blir naturleg nok endra etter timetal på planane. Arbeidet med studieplanar held fram, og det er ei løpende vurdering av kor detaljert studieplanane skal vera.

## Lag/kurs tatt ut i internkontroll 2015

Studieforbundet kultur og tradisjon forvaltar eit statstilskot på vegne av medlemsorganisasjonane. Studieforbundet har plikt til å kontrollere at tilskotet blir nytta slik formålet blir uttrykt i «Lov om Voksenopplæring». Revisjonsinstruksen til Kunnskapsdepartementet set krav om korleis kontrollen skal gå føre seg.

## I 2015 vart 13 lag fordelt på 36 kurs tekne ut i kontroll.

### Frilynt Norge

- › Asaprevyen, 3 kurs
- › Sandvikarevyen, 3 kurs
- › Stokkes Revygruppe De utrolige, 3 kurs
- › Touch of Dance , 5 kurs



## KURSADMIN

## Noregs Ungdomslag

- › Eidsvåg Ul, 3 kurs
- › Mjeldalen Ul , 3 kurs
- › Sandeid Ul, 2 kurs
- › Vestvågøy teaterlag,
- Ul Ørnen, 3 kurs


## Seniordans Norge

- › Borgundringen , 1 kurs
- › Lunder Seniordans, 2 kurs
- › Porsgrunn Seniordans, 2 kurs

## NATF

- › Bærum musikk og danseater, 3 kurs
- › Romerrikspillene Blaker Skansen, 3 kurs

Lag som er tekne ut i internkontroll skal sende inn kopi av bilag og svare på spørsmål om utlysing og kursbevis. I tillegg blir ein eller fleire av kursdeltakarane ringt opp for å stadfeste at kurset har vore gjennomført. Lag som ikkje sender svar på internkontroll, får ikkje kursstøtte før fullstendig dokumentasjon er motteke. Alle laga leverte fullstendig dokumentasjon.



LÆRING

**Kurstimer delt på organisasjon**

	2013	2014	2015
Norges Husflidslag	59 508	59 992	63 094
Seniordans Norge	23 862	23 787	24 616
Fribynt Norge	17 806	22 440	22 139
Noregs Ungdomslag	19 375	17 012	14 998
Norsk Amatørteaterforbund	15 318	10 688	12 229
Forbundet KYSTEN	3 681	3 240	3 430
Hålogaland Amatørteaterselskap HATS	4 982	3 981	3 398
Norsk Kulturarv	1 192	1 531	1 819
Vestlandske Teatersenter	1 915	1 264	1 455
Studieforbundet kultur og tradisjon	695	1 292	1 155
Norsk Quilteforbund	838	666	823
DIS-Norge, Slekt og Data	367	681	817
Norsk forening for fartøyvern	0	1 024	548
Landslaget for lokalhistorie	262	304	462
Båtlaget Braute	352	571	348
Vestnorsk kulturakademi	513	232	203
Vikinglaga		101	129
Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting	199	76	82
Norsk Folkedraktforum		113	80
Fantasi forbundet	490	309	77
Fortidsminneforeningen	0	76	64
Norsk Selskap for Fotografi	93	60	57
Fagurmakerne Norge			46
Organisasjon for scenekjempere i Norge	20	64	35
Norsk Målungdom	0	0	15
Noregs Mållag	102	110	0
Internasjonalistene	80	0	0
Norske Kveners Forbund/Ruijan Kveeniliitto	71	21	0
Norges museumsforbund	12	0	0
<b>SUM</b>	<b>151 733</b>	<b>149 635</b>	<b>152 119</b>


**Kurstimer delt på fylker**

FYLKE	KURS	DELTAKARAR	TIMER	OPPLÆRINGS-TILSKOTT
Østfold	186	1 338	5 385	336 574
Akershus	865	5 629	27 773	1 929 537
Oslo	197	1 677	7 009	628 810
Hedmark	313	2 158	8 153	591 864
Oppland	384	3 134	11 482	951 343
Buskerud	160	1 574	4 765	338 002
Vestfold	325	2 771	11 880	938 344
Telemark	170	1 400	5 650	423 191
Aust-Agder	149	1 386	3 937	328 251
Vest-Agder	140	1 334	4 349	329 351
Rogaland	299	2 187	8 405	570 190
Hordaland	403	3 219	11 753	984 231
Sogn og Fjordane	157	1 699	3 732	309 705
Møre og Romsdal	271	2 355	7 260	582 179
Sør-Trøndelag	264	2 470	8 609	685 492
Nord-Trøndelag	176	1 523	4 928	408 800
Nordland	292	2 141	9 013	601 372
Troms	269	2 037	7 064	551 228
Finnmark	47	391	972	72 975
<b>SUM</b>	<b>5 067</b>	<b>40 423</b>	<b>152 119</b>	<b>11 561 439</b>

**Kurs, deltagarar og timer delt på emne**

EMNE	KURS	DELTAKARAR	TIMAR
Tekstil	1 759	10 576	45 056
Dans	1 159	14 883	34 898
Teater	748	5 780	37 720
Tre	269	1 556	7 830
Teikning/maling	49	286	1 387
Tradisjonsmat	112	730	1 850
Metall	104	570	2 511
Organisasjon	74	766	1 323
Anna	793	5 276	19 544
<b>SUM</b>	<b>5 067</b>	<b>40 423</b>	<b>152 119</b>

	2012	2013	2014	2015
Tal på kommunar	316	330	328	332
Tal på arrangørar	825	924	927	930
Tal på kurs	4 339	4 919	4 941	5 067
Tal på deltagarar	37 015	40 059	39 443	40 423
<b>TAL PÅ KURSTIMAR</b>	<b>128 919</b>	<b>151 733</b>	<b>149 635</b>	<b>152 119</b>



### *Basiskompetanse for frivilligheten (BKF)*

Basiskompetanse i frivilligheten (BKF) er midlar frå VOX til kurs med mål om å medverke til å styrke grunnleggande ferdigheiter i lesing, skriving, rekning, munnleg norsk og IKT for vaksne. Målet er at fleire kan ta del i opplæring og utdanning, og gjennom dette få styrka sine moglegheiter for å delta i arbeidslivet. I samarbeid med Vågå husflidslag har vi kurset «Ull på norsk», og i samarbeid med teatergruppa HotPot kurset «Manus på norsk». BKF-kursa går føre seg på arenaen til lokallaget, saman med øvrige medlemmar av lokallaget eller andre lokale deltakarar. Vi håpar slik at terskelen for å halde fram i

lokallaget etter kurset skal bli lågare. Studieforbundet søker tilskot frå VOX til desse kursa på vegne av, og i samarbeid med lokallaga, i høve til eit oppsett budsjett. Søknadsfristen er ein gong i året.

### **BÆREKRAFT I BUNADSNÆRINGA**

Norges Husflidslag, Noregs Ungdomslag, Heimen Husflid, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet samarbeidde om prosjektet «Bærekraft i bunadsnæringa» for å kartlegge og skaffe ny kunnskap om tilstand og utfordringar i bunadsnæringa. Hausten 2014 vart det inngått eit samarbeid med Næringshagen i Nord-Gudbrandsdalen og gjennom dette samarbeidet

### **Tilretteleggingstilskot**

Generelt tilretteleggingstilskot blir tildelt kursarrangørar som held kurs der ein eller fleire av deltakarane treng ekstra tilrettelegging for å kunne vera med. Målet med tilskotet er å gjøre det enklare å legge til rette, redusere kostnadane for arrangør, samt fjerne eller lette opplæringshindringar. Arrangørar kan få utgifter dekt ved dokumentasjon og kompensasjon for ekstra dugnadsinnsats dersom den frivillige innsatsen er naudsynt for å få avvikla kurset. Kvar einskild søknad blir utevær desse satsane handsama med skjønn.

### **Tilretteleggingstilskot**

Delt etter organisasjon	TIJSKOT	KURS	DELTAKARAR	TIMAR
Studieforbundet kultur og tradisjon	167 279	29	164	611
Norges Husflidslag	59 188	12	59	220
Noregs Ungdomslag	25 000	5	56	120
Norsk Amatøriteaterforbund	50 000	10	91	442
Delt etter fylke				
Østfold	12 855	2	19	80
Akershus	15 660	11	44	266
Oslo	61 540	4	23	126
Oppland	19 188	4	22	66
Vestfold	10 000	2	32	56
Vest-Agder	5 000	1	9	16
Rogaland	55 000	11	81	200
Møre og Romsdal	5 000	1	10	8
Sør-Trøndelag	75 437	12	79	467
Nord-Trøndelag	23 227	6	36	92
Troms	18 560	2	15	16
<b>SUM</b>	<b>301 467</b>	<b>56</b>	<b>370</b>	<b>1 393</b>

fekk prosjektet 725.000 kroner frå Norsk kulturråd til eit forprosjekt. Rapport med tiltak vart lagt fram på Fagdagane i bunad og folkedrakt på Fagernes i 10.-11. september 2015. Studieforbundet stod for prosjektet, med Mette Vårdal som prosjektleiar.

### «ÉN MILLION PÅ RETT KURS»

VOFO si kampanje «Én million på rett kurs» har som mål å auke det totale talet på deltakrar på kurs i studieverbundet frå omlag 500.000 til 1 million. Kampanjen starta hausten 2012, og vart avslutta i 2016. VOFO valde å avslutte kampanjen tidlegare enn planlagt, fordi prosjektet ikkje vart fylgd opp. Studieforbundet kultur og tradisjon var tilfredse med arbeidet og engasjementet rundt kampanjen, men såg at den dessverre ikkje gav den effekten vi ynskte i auke av deltakarar. Studieforbundet kultur og tradisjon måtte ha dobla deltakartal for å nå sin dela av målet. Fyrste året, 2011-2012, hadde vi vekst, i 2013 gikk vi litt attende, og i 2014 hadde vi omrent like mange deltakande som i 2013. I 2015 har vi hatt flest deltakarar sidan kampanjen byrja.

Det vart delt ut tre priser på årsmøtet. To priser på kr 5.000,- kvar vart trekt mellom lag som hadde registrert meir enn fem fleire deltakarar i 2014 enn 2013. Ein pris på kr 10.000 til fylke/organisasjon

som kan vise til systematiske arbeid for vekst i deltakartal. DIS Sør-Fosen og Alta Seniordans vant prisane som vart trekt ut av stortingspolitikar Kent Gudmundsen på års-



møtet. Prisen for systematisk arbeid for vekst i tall deltakarar fikk Frilynt Norge. I tillegg vart det delt ut ein ekstraprism for langsiktig systematisk arbeid til Norges Husflidslag.

### Tilskot frå «Én million på rett kurs»

ORGANISASJON	2013	2014	2015	MÅL	IGJEN TIL MÅLET
Norges Husflidslag	14 352	14 411	15 272	28 487	13 215
Seniordans Norge	11 608	10 567	11 094	22 301	11 207
Noregs Ungdomslag	5 437	5 162	4 506	11 994	7 488
Frilynt Norge	3 046	3 787	3 427	5 429	2 002
Norsk Armatørteaterforbund	1 816	1 489	1 868	2 918	1 050
HATS	1 111	1 195	918	1 865	947
Forbundet KYSTEN	711	700	741	1 953	1 212
Norsk Kulturarv	174	299	393	552	159
Vestlandske Teatersenter	287	181	216	695	479
Studieforbundet kultur og tradisjon	280	261	346	647	301
Vestnorsk kultarakademi	31	43	37	120	83
Fantasiforbundet	92	46	29	354	325
Norsk Quilteforbund	464	336	457	734	277
Båtlaget Braute	39	74	66	158	92
Norsk Selskap for Fotografi	62	37	28	237	209
Norsk Forening for Kulturhistorisk Sverdfekting	40	6	13	33	20
Landslaget for lokalhistorie	73	62	84	267	183
Noregs Mållag	9	14	0	19	19
DIS-Norge, Slekt og Data	374	566	703	151	0
Norske Kvener Forbund/ Ruijan Kveeniliitto	21	9	0	54	54
Norges museumsforbund	3	0	0	18	18
Organisasjon for Scenekjempere i Norge	7	9	7	0	0
Internasjonalistene	22	0	0	0	0
Norsk Målungdom	0	0	22	105	83
Vikingelaga*	0	32	53		
Fagurmakerne Norge*	0	32	53		
Fortidsminneforeningen*	0	0	7		
Norsk Folkedraktforum*	0	39	42		
Norsk Forening for Fartøyvern*	0	92	63		
<b>SUM</b>	<b>40 059</b>	<b>39 449</b>	<b>40 445</b>	<b>79 091</b>	<b>39 423</b>

\*Var ikkje i Studieforbundet i 2012

## FAGDAGANE I BUNAD OG FOLKEDRAKT

Fagdagane i bunad blir arrangert på Fagernes 10.-11.09 av Noregs ungdomslag, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum, Norsk institutt for bunad og folkedrakt og Studieforbundet kultur og tradisjon. Målet med Fagdagane er å fremje og vidareføre det tekstile tradisjonshandverket. Tema i 2015 var korleis vi kan bevare kunnskap og kulturarv som ligg i bunadane våre, og samstundes kunne drive bunadsproduksjon som næring. Resultat frå prosjektet Bunad og bærekraft vart presentert saman med ein ope debatt. Stortingsrepresentant Anne Tingelstad Wøien deltok på delar av seminaret. Mette Vårdal, Kjærsti Gangsø og Linda Aaboen deltok frå Studieforbundet.

## KURS I FENGSEL

Studieforbundet arrangerte i 2015 kurs i fengsel med tilskot frå Justisdepartementet. Arbeidet byggjer på samarbeid med lokale fagpersonar og eldsjeler, og blir arrangert under føresetnad av tilskot frå Justisdepartementet. Målgruppa for tilbodet er alle domfelte. Prosjektleiar er Linda Aaboen. I 2015 har vi gjennomført 29 kurs og etablert kursaktivitet ved eit nye fengsel(Fri-omsorgen Oslo).

### Kurs i 2015

- › Ila Fengsel, Akershus: 10 kurs
- › Ravneberget Kvinnefengsel,

## SCENE ROM

KURS I REGI &  
TEATERPRODUKSJON

Østfold: 2 kurs

- › Ullersmo Fengsel, Akershus: 1 kurs
- › Verdal Fengsel, Nord-Trøndelag: 6 kurs
- › Bredtveit fengsel, Oslo: 2 kurs
- › Tromsø fengsel, Troms: 2 kurs
- › Trondheim fengsel avd. Modulen, Sør-Trøndelag: 2 kurs
- › Trondheim fengsel avd. Leira, Sør-Trøndelag: 3 kurs
- › Fri-omsorgen Oslo, Oslo: 1 kurs

## KURSLÆRARAR

Fagleg oppdatering og utvikling av kurslærarar er ansvaret til medlemsorganisasjonane. Studieforbundet er med på opplæring av kurslærarar når organisasjonane ber om det. I 2015 deltok Studieforbundet på eitt kurs som fylkeslag eller lokallag i Norges Husflidslag arrangerte. Det vart også gjennomført ei kurslærarsamling for kurslærarar på Bunad- og Vevopplæringa 20. mars i Oslo med 15 deltakrar. I samarbeid med Voksenopplæringsforbundet arrangerte Studieforbundet kurs i voksen pedagogikk på Øyer 26. september. Dette kurset hadde 17 deltakrar.

## MEDARBEIDAROPPLÆRING

Studieforbundet ser det som ei viktig oppgåve å vera med der medlemsorganisasjonane møtest. Etter invitasjon, og på eget initiativ, deltek Studieforbundet så langt det lar seg praktisk gjera. I 2015 var Studieforbundet tilstade med

medarbeidaropplæring på 21 samlingar med 815 deltagarar.

## TEATERINSTRUKTØROPPLÆRING


Studieforbundet samarbeider med Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterforbund om å utvikle ei ny instruktøroplæring for amatørteater. Prosjektet har ei styringsgruppe frå samarbeidsorganisasjonane og ein prosjektleiar tilsett i Studieforbundet. Gjennom ei spørjeundersøking har vi fått svar på mellom anna tilgang på teaterinstruktørar for dei ulike teaterlaga, og kva for kompetanse miljøet innehår. Vi undersøkte også behov for, og ynskje om innhald i ei framtidig felles opplæring. Undersøkinga gav signal om behov både for vidareutdanning og opplæring på grunnivå. I tråd med resultata av kartlegging, arbeider Studieforbundet med å etablere ei kursrekke på fire modular, på grunnivå. Opplæringsmodellen skal mellom anna svare på den utfordringa vi har med mange lag og grupper som av ymse grunnar ikkje har moglegheit til å leige inn profesjonell instruktør på fast basis, eller som treng produksjonsassistentar og instruktørassistentar i tillegg til profesjonelle instruktørar dei nyttar.

## TRESEMINARET 2015

TREseminaret er eit samarbeidsprosjekt mellom

Dovre handverkssenter, Handverksskolen, Norges Husflidslag, Senter for bygdekultur og Studieforbundet kultur og tradisjon. TREseminaret blir arrangert årleg i veke 17 ved Hjerleid skole og håndverks-senter på Dovre. Seminaret er eit fagseminar med handverks-og husflidsteknikkar i tre. Studieforbundet, ved Linda Aaboen, var prosjektleiar for TREseminaret 2015.

## TRE-seminaret



### VOFO REISESTIPEND

VOFO har ei reisetipendordning for studiereiser til utlandet. Formålet med ordninga er å bidra til kompetanseheving, motivasjon og idéutvikling i opplæringsarbeidet i studieforbunda og medlemsorganisasjonane deira. Studieforbundet lagar prioritert liste av dei som søker. I 2015 fekk desse VOFO reisetipend i Studieforbundet kultur og tradisjon:

- › Elisabeth Aaker (Norges Husflidslag)
- › Benjamin Todd Chapin (Handverksskolen AS, Hjerleid smed)
- › Heidi Thöni Sletten (Forbundet KYSEN)
- › Borghild Marie Opdahl (Noregs Ungdomslag)

### BUNADSOPPLÆRINGA


Bunadsopplæringa er ei kursrekke på seks modular som følgjer læreplanen i bunadstilverkarfaget VG3/opplæring i bedrift. Dette er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag (NH), Noregs Ungdomslag (NU) og Studie-

forbundet kultur og tradisjon. Norsk folkedraktforum kom med som ny samarbeidspart i 2015. Kursrekka kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. I tillegg til modulane som går over tre år, er det ein tilleggsmodul i mønsteravtak og gradering. Modulane vart arrangert på

Raulandsakademiet i Rauland, Holmen Gård i Gjerstad og Birkerbeineren Hotell på Lillehammer. Kurslærarar har vore Barbro Tronhus Storlien, Ann Lundekvam, Joar Vaagø, Hanne Beate Thomsen, Hege-Therese Nilsen, Kathrine Bringsdal, Mona Løkting, Torill A. Fossnes, Agnes Smith og Gro Westerlund.

#### Modulane i Bunadsopplæringa

MODUL 3:	MODUL 4:	MODUL 5:	TILLEGGSMODUL:
Saum og brodering, 18 deltakarar (Kursrekke 2014-2017)	Skjorte og linsaum, 17 deltakarar (Kursrekke 2013-2016)	Skjorte og linsaum, 18 deltakarar (Kursrekke 2014-2017)	Saum i herrebunad og innføring i tilpassing, 16 deltakarar (Kursrekke 2013-2016)
			Mønsteravtak og gradering, 14 deltakarar



## VEVOPPLÆRINGA

Vevopplæringa er ei kursrekke på sju modular, samt tilleggsmodular, som følgjer læreplanen i handvevarfaget VG3/opplæring i bedrift. Dette er eit samarbeid mellom Norges Husflidslag og Studieforbundet kultur og tradisjon. Kursrekka går

over tre år og kan inngå som ein del av grunnlaget for å gå opp som praksiskandidat og ta sveinebrev. Kurslærarar har vore Rita Vistad, Eli Wendelbo, Brita Been og Solveig Orstad Teigen. Modulane vart arrangert på Raulandsakademiet på Rauland i Telemark.

*Det vart gjennomførte fire kurs i 2015*

### MODUL 2:

Lerret- og lerrets-variantar, 7 deltakarar  
(Kursrekke 2014-2017)

### MODUL 8:

Band og snorer, 10 deltakarar  
(Kursrekke 2012-2015)

### MODUL 3:

Kyper og kyper-variantar, 12 deltakarar  
(Kursrekke 2014-2017)

### MODUL 9:

Dobbeltsidige bindingar med 6 deltakarar  
(Kursrekke 2012-2015)

## HANDVERKSSKOLEN AS

Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk Kulturarv eig Handverksskolen AS på Dovre i Oppland fylke. Studieforbundet eig 33,3 % av aksjene. Handverksskolen AS er ein vidaregåande skule godkjent etter Friskolelova til å tilby Vg2 Design og trearbeid/Vg2 Smed med vekt på treskjering og smiing. Det er to klassar med samla omlag 20 årselevar. Studieforbundet sine representantar i formelle organ: Kjærsti Gangsø (styreleiar), Solveig Torgersen Grinder



(styremedlem) og Bjørg Schultz (leiar i valnemnda).

#### DRAKT OG SAMFUNN

Kursrekka «Drakt og samfunn» på høgskulenivå er eit samarbeid mellom Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Studieforbundet kultur og tradisjon og NTNU. Kursrekka har seks modular over to år, kvar på 7,5 studiepoeng. Kvar modul blir avslutta med eksamen. Samla gjev kursrekka ei brei teoretisk kompetanse innan folkedrakt- og bunadsfagleg

felt. I 2015 vart det gjennomført to modular. Begge vart avslutta med eksamen. Norsk institutt for bunad og folkedrakt har gjennomføringsansvaret og økonomisk ansvar. Mette Vårdal er representanten til Studieforbundet i styringsgruppa.

#### NORSK FOLKELEG DANS


Norsk folkeleg dans uteksaminerte våren 2015 14 studentar og tok på hausten opp 13 nye. Det har vore fire samlingar, alle i Oslo. På siste samling var det eksamen. Kurset vart

administrert av Studieforbundet kultur og tradisjon ved Mette Vårdal, og Noregs Ungdomslag ved Halldis Folkedal. Hovudansvarleg for undervisninga er Vegar Vårdal. Andre faglærarar var Endre Kleiveland og Patrik Andersson. Semestra 2014/15 og 2015/16 har vi brukt danseframstigningar aktivt i undervisninga, og analysert og diskutert ulik praksis for framføring. Sentralt i kurset står arbeidet med å utvikle eigen dans, og trening i å etablere eit vokabular for dans som emne.

#### STATUS FOR STUDIEFORBUNDET SOM TILBYDER AV HØGARE UTDANNING

Studieforbundet har gjennom mange år hatt eit samarbeid med NTNU om kurs på høgskulenivå. Dette har i stor grad vore etter- og vidareutdanningskurs der NTNU har godkjent studieplan og fagpersonell og Studieforbundet har hatt ansvar for gjennomføring og økonomi. Det har vore andre samarbeidspartnarar med i dei ulike kurstilboda. Sommaren 2015 har staten hatt tilsyn (NOKU) med nesten alle universitet og høgskular i Norge, og avdekkja det dei meiner er ulovleg samarbeid. Det er knytt til at Studietilsynsforskriften som UH-sektoren må følge har krav om at minst 50% av undervisningspersonellet må vere tilsett ved institusjonen som tilbyr kurset. Alle avtalar om kurs frå 2016 er avslutta. Det blir arbeidd politisk, mellom anna gjennom VOFO, for å få endra Studietilsynsforskriften. Saka er per i dag uavklart.





2015

Kap. 4

# ORMIDLING/ POLITIKK

## MEDLEMSKAP

### Voksenopplæringsforbundet , VOFO

Studieforbundet er medlem i VOFO og deltek i aktivitetar i nettverket av studieforbund i Noreg. Hallvard Julseth (Noregs Ungdomslag) satt i styringsgruppa for KursAdmin. Kjærsti Gangsø har vore styremedlem og er vald for perioden 2015-2017. Bjørg Schultz (kontoret) er medlem i arbeidsutvalet for KursAdmin.

Eli Ulvestad satt i regelverksutvalet til VOFO som representant frå Studieforbundet kultur og tradisjon.

Utvælet leverte rapport hausten 2015.

Regelverksutvalet har hatt i oppgåve å halde seg informert, vurdere dagens regelverk og tilskotsordning, samt utgreie og førebu samordna forslag til eventuelle endringar av lov- og regelverk for studieforbunda.

### Frivillighet Norge

Studieforbundet er medlem i Frivillighet Norge. Eli Ulvestad er vald inn som varamedlem og møtte på årsmøtet.

### Förbundet Nordisk Vuxenupplysning

Förbundet Nordisk Vuxenupplysning er eit samarbeid mellom studieforbund frå fire nordiske land. Studieforbundet kultur og tradisjon vart medlem av Förbundet Nordisk Vuxenupplysning i 2014. Linda Aaboen, Sina Bråten Lunde og Kjærsti Gangsø deltok på samling og årsmøte 17.-19. september 2015. Ivar Odnes frå Senterpartiets studieforbund er styremedlem og Kjærsti Gangsø er varamedlem.

### Teateralliansen

Teateralliansen starta opp som eit kulturpolitisk samarbeid mellom organisasjonane Norsk Amatørteaterforbund, Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag, Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk musikkråd, våren 2015. I desember 2015 vart samarbeidet formalisert gjennom



at Teateralliansen vart stifta som organisasjon. Føremålet til organisasjonen er å auke samarbeidet mellom nasjonale, frivillige og demokratiske amatørteaterorganisasjonar, og ivareta og fremje felles faglege og interessepolitiske saker. Løyvinga frå Kulturdepartementet til Teateralliansen vart i 2015 på 3,6 millionar kroner, og desse midlane blir brukt på aktivitetar og tiltak som kjem heile feltet



til gode: NM i teatersport, Junior-NM i teatersport, kartlegging av behov for ei felles instruktøroplæring, tilskotsforvaltning og drift av DRAMAS. Kjærsti Gangsø, Espen kvernberg (NATF) og Frode Rismyhr (Frilynt) sit i styret for teateralliansen. Eli Ulvestad (NU) er leiar i styret. Kulturalliansen Norsk Amatørteaterforbund, Frilynt Norge, Noregs Ungdomslag, Studieforbundet

kultur og tradisjon og Norsk musikkråd sendte våren 2015 ein søknad til Kulturdepartementet(KD) om midlar til å utgreie moglegheita for å lage en ny samarbeidsarena for dei frivillige kulturorganisasjonane. Samarbeidet vart kalla Kulturalliansen, og prosjektet fekk 1 million frå KD til arbeidet. Reint formelt er det Teateralliansen som er prosjekteigar, men etter eit oppstartsseminar vart



det nedsett ei arbeidsgruppe med representantar frå ei bredde av organisasjonar. Eli Ulvestad (NU) er prosjektleiar og Espen Kvernberg (NATF) sit i arbeidsgruppa.

**Rådet for folkemusikk og folkedans (RFF)**  
Rådet for folkemusikk og folkedans er eit nettverk som årleg arrangerer eit representantskapsmøte med deltakrar frå eit samla folkemusikk- og

folkedansmiljø. Kjærsti Gangsø var representant frå Studieforbundet til møtet. Representantskapsmøtet vel eit råd av sju personar. Endre Kleiveland (Noregs Ungdomslag) var medlem i rådet fram til møtet, Kjærsti Gangsø vart vald til nestleiar frå same tidspunkt. Marit Jacobsen (Norges Husflidslag) sat i styret i Stiftinga RFF-senteret fram til årsskiftet, Kjærsti Gangsø vart vald inn i styret frå same tidspunkt.

**Nettverket «løfte handverket»**  
Norsk handverksinstitutt har ansvar for nettverket «Løfte handverket» som organiserer årlege møtestader og seminar. Linda Aaboen og Kjærsti Gangsø har delteke i nettverket på vegne av Studieforbundet.

### ARENDAKSUKA

